

## KM 6/08 Plan for kyrkjemusikk

### Komiteen sine merknader

Komiteen legg saksorienteringa til grunn, og vil i tillegg nemne følgjande:

1. Komiteen vil takke for eit godt og gjennomarbeida forslag. Komiteen har ved gjennomgang av planen sett på planen i lys av plan for diakoni, forslag til ny ordning for liturgi for den norske kyrkja og rapporten for trusopplæringsreforma. Dette for at dei ulike planane skal henge saman.
2. Planen er ein god arbeidsreiskap som gjev soknet høve til å utvikle og fornye det kyrkjemusikalske arbeidet. Den gjev soknet ein reiskap i arbeidet med å vidareutvikle samarbeidet mellom tilsette og frivillige på det kyrkjemusikalske feltet.
3. Komiteen sine endringar er stort sett av redaksjonell og språkleg karakter. Komiteen har innarbeid to nye punkt 3.4/4.4 Samarbeid med heimen og 3.6/4.6 Institusjon.
4. Komiteen føreset at det vert laga ressursmateriell for soknet til hjelp i implementeringa av planen.
5. Komiteen vil òg gjere merksam på den rolla som orgelmusikk, annan musikk og salmesong med teiknspråk, teiknspråkspoesi og dans spelar i kyrkjelydar i Døvekyrkja. Komiteen ber om at Kyrkjerådet arbeider vidare med dette og at det tas omsyn til det i ressursmateriell til implementering av planen.
6. Det er kome innspel om å gjere endringar i kvalifikasjonskrava for kantor som ein del av planen. Komiteen meiner at dette ikkje høyrer med i plan for kyrkjemusikk, men viser til KM 07/04 pkt 4:
  - a. Kyrkjemøtet ynskjer å leggje til rette for større breidde i kyrkja sitt musikalske liv. Kyrkjemøtet ber difor Kyrkjerådet vurdere å godkjenne musikkutdanningar som er fagleg jamgode med kantorutdanning, som normale kvalifikasjonskrav til kantorstilling.

Komiteen meiner at den forståinga av kyrkjemusikk som ligg i planen, vil måtte prege den kyrkjemusikalske utdanninga ved utdanningsinstitusjonane.

7. Plan for kyrkjemusikk, Kunsten å være kyrkje, trusopplæringsreforma, plan for diakoni og gudstenestereforma viser at det er behov for å arbeide med kyrkjemusikken på ein ny og utvida måte.

## **Kyrkjemøtet sitt vedtak**

1. Kyrkjemøtet vedtek "Plan for kyrkjemusikk" i Den norske kyrkja. Planen blir gjort gjeldande frå 01.01.09.
2. Kyrkjemøtet vil understreke at planen legg eit særleg ansvar på arbeidsgjevar for stillingsstorleik, prioriteringar og økonomiske ressursar til det kyrkjemusikalske arbeidet.
3. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet og bispedømeråda arbeide for stillingsressursar innan kyrkjemusikk på sentralt og regionalt plan, og å bidra til fagutvikling av kyrkjemusikken i sokna på linje med det arbeidet som i dag blir gjort innan diakoni og kyrkjeleg undervisning.

Samrøystes vedteke. 82 røysteføre.